

Saksbehandlar: Marianne Bugge, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/7960-8

## **Kinn - Kommuneplanen sin samfunnsdel**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet vurderer Kinn kommuneplan sin samfunnsdel til å vere eit kortfatta, konkret og oversiktleg utkast. Mål og strategiar svarar godt på dei utfordringane som er skildra.
2. Samfunnsdelen inkluderer ikkje ein handlingsdel, og det er heller ikkje tydeleggjort korleis mål og strategiar i planen skal takast vidare for å munne ut i konkrete handlingar. Det er eit krav etter plan- og bygningslova § 11.1. at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel.
3. Planstrategien som er utarbeida bør inkluderast som ein del av samfunnsdelen, slik planprogrammet la opp til. Den legg føringar for prioritering i tid og økonomiske ressursar av planar som skal svara på utfordringar i Kinn.
4. Fylkesutvalet vil oppmode kommunen til å inkludera vurderingar, mål og strategiar for utvikling av Flora som regionsenter for kysten.

### **Vedlegg:**

Framlegg til administrativ fråsegn til Kinn kommune  
Utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel for Kinn kommune

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Vågsøy kommune og Flora kommune skal slå seg saman til Kinn kommune frå 01.01.2020. Fellesnemnda for nye Kinn kommune har lagt utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen ut på høyring. Samfunnsdelen inneheld 9 tema for utvikling av Kinn kommune. Temaa er oversiktleg oppsett der kvart tema har ei kort oversikt over status, utfordringar, mål og strategiar. Til slutt under kvart tema er det opplista kva planar som skal følgje opp samfunnsdelen.

Vi saknar eit innleiande kapittel til planen som seier noko om planprosessen, inkl. medverknad, korleis plansystemet i kommunen er tenkt bygd opp, og koplinga til handlingsprogram, økonomiplan og arealdelen til kommuneplanen. Dette bør inngå for å få oversikt over heilskapen og samanhengane i plansystemet.

Det er utarbeida ein planstrategi, som i planprogrammet er sagt skal vera ein del av samfunnsdelen. Planstrategien er ikkje omtala eller vedlagt saka som no er på høyring. Planstrategien som er utarbeida må integrerast i samfunnsdelen, slik intensjonen var i planprogrammet.

I følgje plan og bygningslova § 11-1, 4. ledd, skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel. I utkastet til plan er ikkje handlingsdelen omtala eller inkludert.

Kommunen bør inkludera ei vurdering om ein basert på samfunnsdelen ser nye eller endra behov for bustadareal, areal til næring, skule, samferdsle eller andre føremål. Vidare bør ein legge føringar for kvar innanfor kommunen ein kan lokalisere ulike typar arealbruk.

## **2. Bakgrunn for saka**

Planprogrammet for samfunnsdelen vart vedteke i november 2018. Fylkeskommunen sendte skriftleg innspel til planprogrammet for samfunnsdelen.

Planen inneheld følgjande tema:

- Arealutvikling og forvaltning
- Helse- og velferd i Kinn kommune
- Næring og samferdsle
- Klima og miljø
- Kinn kommune som organisasjon
- Samfunnssikkerheit og beredskap
- Oppvekst
- Kommunal økonomisk berekraft
- Kultur, idrett og frivillighet

Planen har ei oversikteleg oppstilling, der kvart tema inneheld følgjande: Statistikk/fakta, aktuelle utfordringar, målsettingar og strategiar, som er delt opp i fire kategoriar. 1. Kommunen som samfunnsutviklar 2. Kommunen som tenesteytar 3. Kommunen som forvaltar 4. Planar som skal følgje opp samfunnsdelen.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### ***Innhald***

Vi saknar eit innleiande kapittel med oversikt over planprosessen, inkludert medverknad og korleis plansystemet i kommunen er tenkt bygd opp. Her bør òg omtalast oppbygging av samfunnsdelen og tilhøvet til handlingsprogram, økonomiplan og arealdel til kommuneplanen. Dette bør inngå i samfunnsdelen for å få oversikt over heilskapen og samanhengane i plansystemet.

Det er òg ønskeleg at det i eit innleiande kapittel går fram korleis planprosessen er tenkt knytt til overgangen til nytt kommunestyre i nye Kinn kommune frå 2020. At det nye kommunestyret får eit reelt eigarskap til planen, er slik vi vurderer det avgjerande for at samfunnsdelen og handlingsdelen skal fungera som eit godt styringsdokument for utviklinga av Kinn kommune.

I samband med planprogrammet blei det vedteke at planstrategien som er utarbeida skal vere ein del av samfunnsdelen. Den syner ei oversikt over kva for detaljerte planar som skal utarbeidast etter at samfunnsdelen er vedteke. Planstrategien er ikkje ein del av sakstilfanget på saka. Vi vil tilrå at planstrategien vert innarbeida som ein integrert del av samfunnsdelen, då den styrkar samfunnsdelen som styringsreiskap med å prioritera planarbeid i tid og økonomiske ressursar.

### **Handlingsdelen**

Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel med tiltak for gjennomføringa av planen sine målsetjingar innanfor kommuneplanperioden på fire år, jf. plan og bygningslova § 11-1, 4. ledd. Samfunnsdelen for Kinn inkluderer ikkje ein handlingsdel, og utover planstrategien som gir ei oversikt over kva planar ein skal prioritere framover er det ikkje tydeleggjort korleis mål og strategiar i planen skal takast vidare for å munne ut i konkrete handlingar.

Ein handlingsdel, med tydeleg definerte oppgåver og ansvar for oppfølging, er viktig for å sikre gjennomføringa. Det bør òg utviklast indikatorar for måling av den miljømessige og samfunnsmessige utviklinga i kommunen, som grunnlag for å ev. kunne justera kursen og tiltaka innafor ulike satsingsområde.

### **Arealstrategiar**

Samfunnsdelen skal òg gi grunnlag for prioriteringar i arealdelen. Innafor tema arealutvikling og forvaltning i utkast til plan finn ein strategiar som vil gje viktige føringar for vidare arbeid med revisjon av arealdelen. Vi merkar oss at det ligg føringar for samlokalisering av ulike offentlege og daglege funksjonar innafor eksisterande sentra, at sentrumsutvikling, gå-avstand, gode møteplassar, trafikktryggleik, fortetting og mindre bilavhengigheit er mellom satsingsområda til kommunen. Vidare skal gode område for leik og grønstruktur, vasskvalitet, naturmangfald og

overvasshandsaming vektleggjast. Dette er viktige og gode føringar for revisjonsarbeidet med arealdelen til kommuneplanen for Kinn.

Vi oppmodar kommunen til å gå eit steg vidare og seie om ein basert på samfunnsdelen ser nye eller endra behov for bustadareal, areal til næring, skule, samferdsle eller andre føremål. Vidare bør ein legge føringar for kvar innanfor kommunen ein kan lokalisere ulike typar arealbruk

### **Klima**

Kommunen løftar klima på dagsorden for nye Kinn kommune ved å setja mål og strategiar for temaområde klima og miljø. Det er positivt at kommunen har sett mål om å redusere klimagassutsleppa, og at det er sett mål både for direkte og indirekte utslepp. Tilgjengeleg statistikk på lokalt nivå viser ikkje det heile biletet, difor er det bra at kommunen presiserer både direkte og indirekte utslepp i eit klimagassrekneskap.

### **Florø si rolle som regionsenter**

[I regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur](#) er Florø peika på som regionsenter på kysten. Vidare står det i strategien:

*«Regionsenteret er naturleg lokaliseringsstad for offentlege og private tenester som skal dekke kystregionen. Florø si rolle som regionsenter bør sjåast i samheng med satsingane i regional strategisk plan for kysten.»*

I utkast til samfunnsdel er det under tema «Næring og samferdsle» pkt. 9 i strategiar sagt at Florø har teke rolla som regionsenter på kysten. Vi vil oppmoda kommunen til å drøfta kva dette betyr for den nye kommunen og regionen; kva mål, strategiar og føringar Kinn kommune vurderer som viktige i samband med utvikling av regionsenterrolla.

### **Kultur og folkehelse**

I Kinn kommune er det eit mål at kultur og idrettsaktivitetar skal ha ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunnet. Det er eit mål at innbyggjarane skal ha god folkehelse og føle på livsmeistring. I utkastet til samfunnsdelen er levekår og livskvalitet (folkehelse) handsama på ein god måte. Sentrale moment som sosial utjamning, inkludering, trivsel og deltaking er løfta fram. Det er tydelege signal på kva tiltak kommunen vil sette i verk for å stette desse sentrale områda.

Det er ikkje lagt opp til kommunale planar innan kulturfeltet, men strategiar. Vi vil rå til at ein utarbeider handlingsprogram som konkretiserer ansvar og viser gjennomføring av strategiane.

### **Vassmiljø**

Kommunen si målsetting og strategi i samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla sett i vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen. [Nye nasjonale føringar](#) for vassforvaltning poengterer at kommunane si arealplanlegging er viktig for å nå miljømål i norsk vatn. Vi føreslår nokre endringar for å sikre at kommuneplanen integrerer heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatn i tråd med den regionale vassforvaltningsplanen og vassforskrifta.

### **Kulturarv**

Det er positivt at det er lagt vekt på at kommunen som tenesteytar skal ta vare på og formidle viktige kulturminne gjennom støtteordningar og ulike kulturprogram og at kulturminne skal forvaltast som ein ressurs for og i lokalmiljø. Det er også positivt at det skal utarbeidast ein strategi for kreative næringar, reiseliv og kulturminne. Vi saknar imidlertid eit konkret handlingsprogram som fortel korleis dette arbeidet skal følgjast opp og korleis ein kan kople dei lokale kulturminneplanane inn i dette arbeidet.

## **4. Konklusjon**

Planframlegget er konkret, kortfatta og oversiktleg, med utfordringsbilete, overordna mål og satsingsområde og strategiar.

Vi vil tilrå at kommunen inkluderer eit innleiande kapittel i samfunnsdelen med oversikt over planprosessen, inkludert medverknad og korleis plansystemet i kommunen er tenkt bygd opp. Her bør òg omtalast koplinga mellom samfunnsdelen og handlingsprogram, økonomiplan og arealdel til

kommuneplanen. Dette bør inngå i samfunnsdelen for å få oversikt over heilskapen og samhengane i plansystemet.

Vi oppmodar kommunen om å inkludera planstrategien som ein integrert del av samfunnsdelen for å styrka samfunnsdelen som styringsreiskap med å prioritera planarbeid i tid og økonomiske ressursar.

Det er eit krav etter pbl § 11.1. at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel. Ein konkret handlingsdel, med tydeleg definerte oppgåver og ansvar for oppfølging, er viktig for å sikre gjennomføringa av samfunnsdelen.

Vi oppmodar kommunen om å vere meir konkrete på kva arealbehov dei har, til å gå eit steg vidare og seie om ein basert på samfunnsdelen ser nye eller endra behov for bustadareal, areal til næring, skule, samferdsle eller andre føremål. Vidare bør ein legge føringar for kvar innanfor kommunen ein kan lokalisere ulike typar arealbruk.

Flora si rolle som regionsenter for kysten bør drøftast i samfunnsdelen. Kva betyr dette for kommunen og regionen, og kva mål, strategiar og føringar vil vera aktuelle i samband med utvikling av regionsenterrolla.